



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 30.11.2022

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2022 – ILDRIDTRØA – BN00079410

Dykkar ref. 2022/202.

Slått

Mesteparten av slåtten var i perioden 5.8. til 11.8. Det blei henta eit lite lass med kantslått 31.8. og så blei det slått to større lass 17. og 19.10. i austenden.

Det blei såpass tilvekst i vestenden at ein for seinare kan prøve å utsetje slåtten litt når ein ikkje får til etterbeite på denne lokaliteten.

Graset låg stort sett eit par dagar på bakken før det blei samla saman og køyrt til Stall Stølan.

Det blei i alt 6 tilhengarlass med gras i år, levert som hestefôr, omtrent som i fjor.

Hogst

Det er hogd 4 store bjørker og fleire store rogn i tillegg til noko mindre. Vidare er det hogd eit hasselkratt og tynna eit anna. Mesteparten sto i sørvesthjørnet, og eit par tre sto i veganten på nordsida, hasselen var på nordsida.

Rydding av kant

Det er slått ganske godt mot kanten.

Restaureringsarbeid

Ikkje noko arbeid som kan reknast som restaureringsarbeid i år.

Arbeidsinnsats

Det er brukt 19 timar på slått i 2022. Mesteparten er gjort med tohjulsslåmaskin. Det er køyrt 231 km.

Artsregistreringar

Det er lagt inn nokre artsregistreringar på www.artsobservasjoner.no dette året også.

Økonomi

Arbeidsmengda samsvarar godt med det som blei søkt om.

Anna

Det har vore kontakt med naboar og tilfeldige forbipasserande som har fått informasjon om skjøtselen også dette året.

Framtidige behov

I sørvesthjørnet er det etter kvart ein del skugge av skog, særleg på sørsida. Der bør det tynnast noko i fleire år framover. Dessutan står det fleire litt større osp som bør ringbarkast. Det er fleire store tre langs vegen, og her bør ein ta eit tre år om anna. Der er det også nokre tendensar til hasselkratt.

Med helsing

Øystein Folden

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Foto 20.10.2022 Øystein Folden. Austre delen som blei slått seint dette året.



Figur 2. Foto 19.11.2022, Øystein Folden. Ein del av hogsten ligg klar for å bli frakta bort. Dette blei hogd i skogkrullen midt på biletet i bakgrunnen, der det står meir som bør takast dei neste åra.